



Teknisk drift

Referansar:

Dykkar:

Vår: 16/1818 - 16/13077

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:

11.10.2016

Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning - gapahuk ved Nesvatnet (anleggsnr 1260002702)

Me har motteke søknad om idrettsfunksjonell godkjenning 11. oktober 2016 for gapahuk i friluftsområdet ved Nesvatnet. Gapahuken skal vera 5x3 meter stor.

Gapahuken er med i Radøy kommune sin kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø. Den er nemnd i handlingsplanen for nærmiljøanlegg på uprioritert plass.

Me har vurdert planane, og godkjenner dei med følgjande merknad. Gapahuken er plassert i tilknytning til turvegen som er under bygging. Søknad om spelemidlar på denne turvegen må sendast inn samstundes som søknad om spelemidlar for gapahuken for kunna få spelemidlar.

Eitt sett med planer følgjer i retur med godkjenningsstempel. Skulle planane for anlegget verta endra, må nye oppdaterte planar sendast inn for fornya idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning. Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning gjeld for 2 år. Det kan søkjast om forlenging.

Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning skal liggja føre før byggearbeida vert sett i gang, men gjev ikkje garanti for tilskot frå spelemidlane.

Med helsing

Anne Dahle Austrheim
leiar kultur- og sørvistorget

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar kultur

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Godkjende planar

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634

Mottakarar:
Teknisk drift